



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams
Dato: 08.02.2021
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 6/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 7/21	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 8/21	Orienteringssaker
AU 9/21	Sti- og løypeplan for Bygland kommune. Uttale til oppstartsmelding.
AU 10/21	Søknad om bruk av tråkkemaskin i samband med frakt av maskinutstyr til Skarje pumpestasjon. Otteraaens brugseierforening. Bykle kommune.
AU 11/21	Eventuelt

AU 6/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

AU 7/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

AU 8/21 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/193-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 14.01.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	9/21	08.02.2021

Sti- og løypeplan for Bygland kommune. Uttale til melding om oppstart av planarbeid.

Vedlegg:

- 1 Melding om oppstart av planarbeid

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet meiner det er veldig positivt at kommunen tar til med arbeidet med sti- og løypeplan. Arbeidsutvalet har følgjande innspel til planarbeidet:

- Besøksstrategien for SVR kap. 4.4.1 og 4.4.2 gir konkrete føringar for utarbeiding og innhald i sti- og løypeplanar. Arbeidsutvalet ber om at desse vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.
- Arbeidsutvalet ønskjer nærmare samarbeid med kommunen om utvikling av innfallsporten på Langeid i tråd med besøksstrategien for SVR
- Mykje av ferdsla inn i Bygland og verneområdet har utgangspunkt frå Bortelid og Ljosland i Åseral og Kvinen i Sirdal. Det er difor vesentleg at det er ein god samordning mellom kommunane om korleis ein styrar og kanalisere ferdsla i desse områda.
- Ei aktuell problemstilling er korleis villreinen vert påverka av menneskeleg ferdsel i områda Gaukhei – Josephsbu – Kvinen. Arbeidsutvalet ber om at spørsmålet vert vurdert i planarbeidet og om naudsynt vurderer aktuelle tiltak.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga i sin heilskap.

Saksopplysninger

Bygland kommune skal utarbeide sti- og løypeplan for kommunen. Dette som ein del av arbeidet med å revidere kommuneplanen. Jamfør oppstartsmeldinga er føremålet med sti- og løypeplanen å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivet sine ferdselsårer og på same tid ta omsyn til naturmangfaldet inkludert villreinen sin bruk av områda. Planen skal innehalde eksisterande skiløyper, turveggar og sykkelruter samt forslag til nye. Parkeringsareal knytt til slik infrastruktur vil vera ein del av arbeidet. Sti- og løypeplanen vil få status som temaplan. Planavgrensinga vil vera kommunegrensa. Melding om oppstart ligg ved.

Sjølve planprogrammet er tilgjengeleg på kommunen si heimeside:

<https://www.bygland.kommune.no/vedteke-planprogram.529479.nn.html>

Vurdering

Sti- og løypeplanen gjeld også areal innanfor vernegrensa til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det er difor naturleg at verneområdeforvaltninga involverer seg i arbeidet som gjeld vestleg del av kommunen, tilsvarande det som er gjort i samband med sti- og løypeplanar i kommunane Kvinesdal, Åseral og Bykle.

Det kan nemnast at Bygland kommune har fått tilsagn om tilskot på kr. 100 000 til arbeidet med sti- og løypeplan frå verdiskapingsprosjektet i SVR der verneområdestyret er prosjekteigar.

Føringar i besøksstrategien for SVR

Det er flott at kommunen tar til med arbeidet med sti- og løypeplan då slike er viktige i høve til styring og kanalisering av ferdsel, og såleis ivaretaking av verneverdiane. Utarbeiding av slike planar er også i tråd med føringar gjeven i besøksstrategien for SVR, og der følgjande punkt er særleg relevant for planarbeidet, ref. besøksstrategien kap. 4.4.1:

- Etablering av nye sommar eller vinterløyper i verneområdet krev avklaring gjennom kommunal sti- og løypeplan.
- Planen må innehalde vurdering av om det er eksisterande sommar eller vinterløyper som har ei problematisk lokalisering i høve til verneverdiane og om nokre av desse bør flyttast eller leggst ned.
- For ei heilskapleg tilnærming er det viktig at turistforeininga sitt løypenett inngår i planen og at turistforeininga vert trekt inn i planarbeidet.

Vidare er det gjeven konkrete føringar på kor ein bør unngå nye kvista løyper eller maskinpreparerte løyper. Særleg relevant her er vinterbeiteområder for villrein og område nær hekkelokalitetar for truga artar. Som hovudregel skal nye maskinpreparerte løyper merka løyper leggst utanfor verneområdet. Forvaltar syner her til besøksstrategien kap. 4.4.2.

I besøksstrategien for SVR er det peika ut ein innfallspørt liggjande på Langeid. Tiltak er knytt til etablering av informasjonspunkt og utviding av parkeringsplass. Forvaltar ønskjer vidare samarbeid med kommunen for realisering av dette.


Aktuelle problemstillinger

Mykje av ferdsla inn i Bygland og verneområdet har utgangspunkt frå Bortelid og Ljosland i Åseral og Kvinen i Sirdal. Det er difor vesentleg at det er ein god samordning mellom kommunane om korleis ein styrar og kanaliserer ferdsla. Særleg vinterstid er det mykje utfart frå desse områda og vidare inn i Bygland.

Frå Gaukhei turisthytte og Pytten fjellgard går det merka turistløyper vestover mot Josephsbu turisthytte og Kvinen turisthytte. Sjå kart nedanfor der vinterløypene er merka med blått. Det kan stillast spørsmål om ferdsla i desse løypene, som er på det høgaste på seinvinteren, er av eit slikt omfang at det kan påverke villreinens moglegheit å nytte beiteområda lenger sør og inn i Åseral. Vidare om dyra trekk tidlegare nordover enn det dei elles ville gjort grunna ferdsla i området. I tillegg til ferdsla i løypene veit ein også at mange går utanfor løypene i ein periode på våren då ver og føre er stabilt. Desse vil i mange tilfelle ha Bortelid eller Ljosland som utgangspunkt, evt. Kvinen turisthytte i Sirdal.

Forvaltar vil oppmode kommunen til å sjå nærare på problemstillinga som del av planarbeidet og utgreiing som skal gjerast. Turistforeininga må naturleg nok involverast i dette. Ei nærare analyse av data frå GPS-merkeprosjektet kan kanskje gi meir kunnskap, sjølv om det totalt sett har vore relativt få merka dyr så langt sør. Om ein kjem til at ferdsla i området er av eit slikt omfang at det er til hinder for villreinen bør det vurderast tiltak. Dette kan vera i form av informasjon, omlegging av løyper, avgrensing av tidspunkt for vintermerking eller i ytste konsekvens flytte eller legge ned turisthytte. Ei utgreiing vil kunne belyse dette nærare. Ferdselsteljing på utvalde punkt vil også kunne gi nyttig kunnskap.

Løypekart vinter (www.ut.no)





Konklusjon

Forvaltar er positiv til at det vert starta opp arbeid med sti- og løypeplan for Bygland. Innspel til planarbeidet går fram av saka.

Kopi:

Bygland kommune

Åseral kommune

Sirdal kommune.

Statsforvalteren i Agder

Villreinnemnda for Setesdalsområdet



Sjå adresseliste

Vår ref.: 2019/372-30	Sakshandsamar: Sonja Lien Skjevraak sonja.skjevraak@bygland.kommune.no	Dato 05.01.2021
--------------------------	--	--------------------

STI- OG LØYPEPLAN BYGLAND KOMMUNE - MELDING OM OPPSTART AV PLANARBEID

Bygland kommune er i gang med revidering av kommuneplanen. Ny samfunnsdel er vedteke og revidering av arealdelen har starta opp. Det er utarbeidd eit planprogram for revideringa. Planprogrammet seier at arealdelen skal innehalde utarbeiding av sti- og løypeplan. Planavgrensinga er kommunegrensa.

Formålet med sti- og løypeplanen er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivet sine ferdselsårer og på same tid ta omsyn til naturmangfald. Villreinen sin bruk av områda vil det bli teke omsyn til. Planen vil innehalde eksisterande skiløyper, turveggar og sykkelruter og forslag til nye. I tillegg kjem forslag til område for parkering der det er aktuelt.

Planen vil ha status som temaplan. Innhaldet i planen vil danne eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel og vere retningsgjevande for kommunal saksbehandling.

Planarbeidet legg opp til medverknad frå innbyggjarane, næringslivet, lag og organisasjonar. Vi legg særleg vekt på god dialog med grunneigarane som blir rørt av planen.

Det blir med dette gjeve moglegheit for innspel til planarbeidet. Innspel skal sendast digitalt til Bygland kommune eller via e-post til post@bygland.kommune.no. Merk innspelet med 2019/372.

Frist for innspel er sett til **15.02.2021**.

Med helsing
Bygland kommune

Sonja Lien Skjevraak
Fagleiar Plan

AGDER FYLKESKOMMUNE	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
SVR			
DNT SØR	Postboks 633	4665	KRISTIANSAND S
MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD	Postboks 207	4662	KRISTIANSAND S
STATSFORVALTEREN I AGDER	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
EVJE OG HORNNES KOMMUNE	Kasernevegen 19	4735	EVJE
VALLE KOMMUNE	Postboks 4	4746	VALLE
ÅMLI KOMMUNE	Gata 5	4865	ÅMLI
ÅSERAL KOMMUNE	Gardsvegen 68	4540	ÅSERAL
FROLAND KOMMUNE	Frolandsveien 995	4820	FROLAND
SIRDAL KOMMUNE	Tonstadveien 28	4440	TONSTAD
FYRESDAL KOMMUNE	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
AGDER IDRETTSKRETS	Østensbuveien 80	4848	ARENDAL
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV	Postboks 101	4662	KRISTIANSAND S
AGDER			
NORGES VASSDRAGS- OG	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
ENERGIDIREKTORAT (NVE)			
Villreinnemnda for Setesdalsområdet			
AGDER ENERGI AS	Postboks 603 Lundsiden	4606	KRISTIANSAND S



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/458-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 26.01.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	10/21	08.02.2021

Søknad om bruk av tråkkemaskin i samband med frakt av maskinutstyr til Skarje pumpestasjon. Otteraaens brugseierforening. Bykle kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel naturmangfoldloven § 48 får Otteraaens brugseierforening løyve til å nytte tråkkemaskin til å frakte maskindelar til Skarje pumpestasjon i Bykle kommune. Løyvet gjeld også for opparbeiding av traseen med tråkkemaskin i forkant av sjølve transporten. Utgangspunktet for transporten er Skarg. Transporten følger ubrøyta veg inn til Skargjevatnet. Kart over godkjend transportruta er teken inn i vedtaket. Løyvet gjeld for inntil 10 transportar. Transporten må gjennomførast seinast 24.4 2021. Løyvet gjeld også for transportør innleigd av oppdragsgjevar.

Andre vilkår:

- Løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*.
- Om transporten går over andre sin eigedom må innehavar av løyvet sjølv hente inn samtykke frå grunneigar
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Løyvet kan trekkast attende på kort varsel i periodar om omsyn til viltet tilseier det
- Om det vert oppdaga villrein under transporten skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten gjeld eit fåtal turar og der montering av pumpa før snøsmeltinga er viktig for vasskraftproduksjonen. Transport på snøføre vurderast å gi mindre forstyrning for villrein enn å brøyte opp vegen. Transporten er eit unntak grunna havari på pumpestasjonen og presedensverkand av eit løyve vurderast å vera lite. Området ligg i kalvingsområde og det er viktig at den vert gjennomført seinast 24.4.



Saksopplysninger

Otteraaens brugseierforening c/o Otra kraft har søkt om bruk av tråkkemaskin til frakt av tunge maskindelar til Skarje pumpestasjon i Bykle. Ei av pumpene i stasjonen fekk havari før vinteren og den vart frakta ut for reperasjon. Det er ønskjeleg å få satt denne i drift før snøsmeltinga tar til. Vurderinga frå søkar er at det er betre å køyre på snøføre i staden for å frese opp delar av vegen inn til pumpestasjonen med dei ferdselshindra dette kan gi for villrein.

Transporten skal gjennomførast i mars/april når føret er optimalt. Det er behov for nokre turar til å tråkke/planere traseen, i tillegg sjølve transporten av maskindelane. Truleg 5 – 7 turar totalt, men der søkar ønskjer nokre ekstra turar i fall snøtilhøva er slik at dei må køyre fleire gonger for å opparbeide trase. Eit øvre tak på 10 turar vil dekke dette.

Kart over transportruta går fram av vedtaket. Ruta følgjer ubrøyta veg inn til Skargjesvatnet. Det vil bli leigd transport til oppdraget.

Søkar har frå før løyve til bruk av snøscooter i samband med tilsyn og vedlikehald av sine kraftanlegg.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kapittel IV pkt. 5.4.b kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøscootertransport som trengs ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg. Denne bestemminga heimlar ikkje bruk av tråkkemaskin og søknaden må difor vurderast etter dispensasjonsbestemminga i naturmangfoldloven § 48. Av denne går det fram at det kan gjevast unntak frå vernevedtaket om det ikkje strid mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Tarnsportruta går i område Vatnedalshei der det jamfør verneforskrifta kap IV pkt. 4.2 er ferdselsforbod 25.4 – 31.5. Jamfør pkt. 4.2.1 er ikkje forbodet til hinder for naudsynt ferdsel i samband med utbetring av skade på kraftanlegg.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

Områda er viktige for villrein gjennom store delar av året. Dette er mellom anna dokumentert gjennom GPS – merkeprosjektet. Transporten følgjer ubrøyta veg inn til Store Urevatn og går gjennom kalvingsområde for villrein. I naturbasen er det merka av fleire trekkruiter for villrein som kryssar vegen.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Gjennom vinteren er det ein god del motorisert ferdsel langs denne traseen, ikkje minst i samband med drift og tilsyn av kraftanlegg i området. Det er også ein del motorisert ferdsel til driftshusvære som ligg mellom vegen og vidare ned mot Botsvatn. Det er dokumentert at ferdsel på vegen i tida den er open er eit hinder for at villrein kan krysse denne. Det vert jobba med å avgrense ferdsla på vegen for å betre trekkmoglegheitene over vegen. Ferdsel til fots i områda er i første rekke knytt til jakt og fiske. Det er inga merka turistløyper i området.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga moderat på vinteren og høg i den tida vegen er open. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at en ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Tiltakshavar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Forvaltar vurderer transport på snøføre å gi mindre forstyrning for villrein enn å brøyte opp vegen. Transporten må gjennomførast før ferdselsforbodet tar til å gjelde 25. april.

Vurdering etter naturmangfoldloven § 48.

Det kan gjevast unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Transporten det er søkt om gjeld eit fåtal turar og der montering av pumpe før snøsmeltinga er viktig for vasskraftproduksjonen. Transport på snøføre vurderast å gi mindre forstyrning for villrein enn å brøyte opp vegen. Transporten er eit unntak grunna havari på pumpestasjonen og presedensverkand av eit løyve vurderast å vera lite. Området ligg i kalvingsområde og der er viktig at den vert gjennomført før 25.4.

Konklusjon

Transportane vil ikkje strir mot verneføremålet og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Det kan difor gjevast løyve på vilkår.

Kopi:

Otteraaens brugseierforening c/o Otra Kraft
Statsforvalteren i Agder
Bykle kommune

AU 11/21 Eventuelt